
Saksnr: 2023/87082-2**Saksbehandlar:** Bjørnar Tjøflot

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		14.03.2024
Fylkesutvalet		04.04.2024

**Høyringsuttale til revisjonsdokumentet for reguleringa av
Aurlandsvassdraget****Forslag til innstilling**

1. Vestland fylkeskommune ser at reguleringa av Aurlandsvassdraga har stor samfunnsnytte med stor produksjon av rein kraft. Men sidan konsesjonen blei gitt på ei tid då natur, miljø, friluftsliv og kulturminne blei tillagt mindre vekt enn i dag må revisjonen gje konsesjonsvilkår meir i tråd med dagens miljøstandard.
2. Det er avgjerande at nye konsesjonsvilkår legg særleg vekt på at kraftverka i Aurlandsvassdraget vidare skal produsera store mengder kraft, og bidra med viktige kraftsystemtenester.
3. NVE må stille krav om at det vert gjort ei kartlegging av eksisterande kulturminneverdiar og oppfølgande kulturminneregistrering i revisjonsområdet.
3. Vestland fylkeskommune ber om at frilufts- og landskapsopplevinga tilknytt den nasjonalt viktige fotturen gjennom Aurlandsdalen vektleggjast ved utforming av vilkår for minstevasslepp oppstraums Østerbø.
4. Revidert konsesjon må innehalde vilkår slik at miljømåla etter vassforskrifta vert nådd. Det bør etablerast eit overvakingsprogram som vurderer om tiltaka fungerer etter føremålet.
5. Vilkårsrevisjonen må sjåast i samanheng med oppgraderingsarbeid ved Nyhellerdammen og føreslegne tiltak i «Tiltaksplan for Nordfjella i samband med Kvalitetsnorm for Villrein» for å realisere landbru over Nyhellervatnet. Dette vil gjenopprette ei trekkroute for villreinen som vart sperra av neddemminga.
6. Vestland fylkeskommune meiner at det er riktig å òg diskutera O/U-prosjekt i revisjonsprosessen. Å vurdera O/U-prosjekt samstundes med å oppdatera konsesjonsvilkår gjer at kost/nytte kan vurderast meir heilskapleg. Dette aukar potensialet for at vassdragskonsesjonen vert meir miljømessig, teknisk og økonomisk gunstig.

Samandrag

Havslund Eco Vannkraft AS har laga eit revisjonsdokument for Aurlandsvassdraget som skildrar reguleringane og vurderer dei ulempene ein er kjent med. Dette revisjonsdokumentet er no på offentlig høyring og Vestland fylkeskommune gjev med dette vedtaket høyringsuttale i saka. Etter høyringa skal NVE innstilla reviderte konsesjonsvilkår til OED.

Aurlandsvassdraget produserer store mengder kraft og har stor samfunnsnytte, men konsesjonen blei gitt på ei tid då miljø blei tillagt mykje mindre vekt enn i dag. Revisjonen skal gje konsesjonsvilkår meir i tråd med dagens miljøstandard.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Bård Sandal
avdelingsdirektør
Næring, plan og innovasjon (NPI)

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

NVE har vedteke at vilkåra for følgjande vassdragskonsesjonar skal reviderast:

- Kgl.res. av 29.09.1969: Regulering og overføring av Aurlandsvassdraget
- Kgl.res. av 25.07.1975: Planendringer mv. i forbindelse med utbygging av Aurlandsvassdraget

På bakgrunn av krav frå m.a. Aurland Elveeigarlag, Aurland kommune, Hol Kommune og føringar frå NVE har Havslund Eco Vannkraft AS (vidare omtala som HEV eller konsesjonæren) utarbeidd eit revisjonsdokument. Dette beskriv mellom anna reguleringane og vurderer dei ulempene ein er kjent med. Revisjonsdokumentet er lagt ut på offentleg høyring. Revisjonsdokumentet og fråsegnene til dette vil utgjere ein viktig del av grunnlaget for å fastsette reviderte vilkår. ([Lenke til revisjonsdokumentet](#))

Konsesjonsvilkåra regulerer m.a. forholdet mellom konsesjonæren og allmenne interesser. Hovudføremålet med ein revisjon er å betra miljøforholda i regulerte vassdrag. Kjernen i ein revisjon er å vege dette føremålet opp mot formålet med sjølve konsesjonen, som er kraftproduksjon. Revisjonstilgangen er meint å innebera ei modernisering eller ajourføring av konsesjonsvilkåra, m.a. når det gjeld miljø. Revisjonen skal også gje anledning til å oppheve vilkår som har vist seg urimelege, unødvendige eller ikkje føremålstenlege.

Standardvilkår

I nyare konsesjonar er det innført standardvilkår som gjev heimel for å kunne pålegga ulike miljøtiltak. NVE innfører dagens standardvilkår i samlege revisjonar. Det gir moglegheit til å pålegge regulanten miljøtiltak utan konsekvensar for energiproduksjon. Det er berre konsesjonsvilkåra som kan reviderast, ikkje sjølve konsesjonen, som t.d. høgaste regulerte vasstand (HRV) og lågaste regulerte vasstand (LRV). Privatrettslege forhold omfattast ikkje, og normalt omfattast heller ikkje økonomiske vilkår.

Vassdirektivet

EU sitt rammedirektiv for vatn (vassdirektivet) og den norske vassforskrifta er sentrale i revisjonsprosessen. Dei lokale tiltaksanalysane samt forvaltingsplanane gjev nyttige innspel til prioriteringane av miljøomsyn og kva tiltak som bør vurderast i revisjonen. Revisjon av konsesjonsvilkår er eit sentralt verkemiddel for å betra miljøtilstanden, som er eit hovudmål i vassforskrifta. Revisjonsprosessen bør difor samordnast med vassdirektivarbeidet så langt det er mogleg og føremålstenleg.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet gjev høyringsuttale jf. delegeringsreglementet kap 7.

Medverknad

Medverknadsorgana har ikkje vore involverte i denne saka.

Vurderingar og verknader

Hovudmålet i Regional plan for fornybar energi 2023-2035 (fornybarplanen) er at vi har energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping. Aurlandsutbygginga er ein viktig faktor for å få det til og fylkeskommunen har stor interesse av vidare stor kraftproduksjon frå Aurlandsvassdraga. Det er òg viktig for fylkeskommunen at denne kraftproduksjonen tek omsyn til miljø, naturmangfald, friluftslivsområder og landskaps og kulturverdiar, jf. delmål 1 i fornybarplanen.

Fornybarplanen har fleire retningslinjer knytt til tiltak som er meint å gje meir vasskraftproduksjon. No skal denne konsesjonen reviderast og få moderne vilkår. Retningslinjene i fornybarplanen gjev ein peikepinn til kva vilkår som måtte på plass viss dette var ein konsesjonssøknad i dag.

Retningslinje 1 i fornybarplanen seier at Vestland er positive til bygging av ny fornybar energi der omsyn til miljø og andre arealinteresser er ivareteke. Retningslinje 7 seier at bygging av kraftverk og infrastruktur knytt til fornybare energikjelder skal ta i vare omsyn til miljø og andre arealinteresser.

Oppgraderings- og utvidingsprosjekt (O/U-prosjekt) bør vurderast i samband med revisjonsprosessen, ifølgje Energidepartementet sin vegleiar for vassdragsrevisjonar. Fylkesdirektøren er samd med dette. Å vurdere O/U-prosjekt samstundes med å oppdatere konsesjonsvilkår gjer at kost/nytte kan vurderast meir heilskapleg. Dette aukar potensialet for at vassdragskonsesjonen vert meir miljømessig, teknisk og økonomisk gunstig.

Økonomiske konsekvensar:

Det er venta at vilkår som krev tiltak for å betra miljøtilhøva i vassdraget vil kosta. Anten i form av noko mindre produksjon eller i form av fysiske tiltak. Det er viktig at verdien av desse tiltaka vurderast på ein god måte opp mot kva ein får att, men hovudføremålet med ein revisjon er å betra miljøforholda i regulerte vassdrag.

Klima:

Vidare kraftproduksjon frå Aurlandsutbygginga er ein viktig faktor for at vi skal nå målet om netto nullutslepp innan 2030 vedtatt i Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Reguleringsgrada på 78 % betyr òg at anlegga har stor betydning for handtering av flaumane i vassdraga, noko som er svært viktig m.o.t. å handtera konsekvensar av klimaendringar og ekstremvær.

Aurlandsvassdraget produserer rein fornybar energi og er blant dei største kraftverka i Noreg. Det er viktig for klimaomstilling og verdiskaping at kraftverka si evne til å vidare produsere store mengder kraft ikkje svekkast av nye konsesjonsvilkår. Kraftverka i Aurlandsvassdraget har vore viktige leverandørar av systemtenester til Statnett og såleis viktige i kraftsystemet.

Kulturminne og kulturmiljø:

Vestland fylkeskommune, seksjon for kulturarv, har vurdert saka som regionalt kulturmiljømynde.

Reguleringsystemet i Aurlandsvassdraget omfattar eit stort høgfjellområde og består av mange kraftverk, magasin og elvestrekningar i Aurland og Hol kommunar. Det er kjende automatisk freda kulturminne innafor konsesjonsområde i Aurland kommune som er kartfesta i Riksantikvarens kulturminnedatabase «Askeladden». Det dreier seg om fangstlokalitetar med dyregraver og bogastelle ved Svartavatn og Kongshellernuten, og trekollgroper ved Stemmerdøla. Kulturminna er ikkje nemnd i revisjonsdokumentet. For detaljar kring registrerte automatisk freda kulturminne i konsesjonsområde, sjå Riksantikvarens kulturminnedatabase «Askeladden».

I 2008 blei det innført ei ordning med sektoravgift som skal brukast til å dekkje kostnader til arkeologisk undersøking i vassdrag der konsesjonar er gitt før 1960 der det ikkje vart gjort arkeologiske undersøkingar ved utbygging. Denne reguleringa kjem inn ikkje under sektoravgifta då vilkårskonsesjonane er frå 1969 og 1975.

Arkeologiske registreringar i samband med opphøveleg konsesjon.

I samband med utbygging av Aurlandsvassdraget vart det utført kulturminneundersøking i 1966 av De arkeologisk museers registreringstjeneste. Det vart påvist buplassar frå steinalder, tufter, hellere, dyregraver og bogastelle. Det føreligg ikkje dateringar frå registreringa, til dømes er ingen av tuftene datert. Kulturminna som vart påvist den gong er ikkje kartfesta i Askeladden. Kartfesting i registreringsrapporten er òg mangelfull. Fleire av kulturminna ser ut til å vere påvist tett opp mot den gamle vasskanten, i planlagd sone for neddemming.

I rapporten frå 1966 står det at registreringane omfatta følgjande vatn: Viddalsvatn, Liverdalsvatn, Fretheimsdalsvatn, Store Kreklevatn, Omnsvatn, Vestredalstjernene, Veslebotnvatn, Øvestølsvatn, Kongshellervatn, Nyhellervatn, Langavatn-Katla og Storavatn-Katla. Ein vegtrase mellom Geiteryggen og Sveingardsbotn er og registrert.

Ved Omnsvatn, Store Kreklevatn, Fretheimsdalsvatn, Langavatn-Katla og Storavatn-Katla vart det ikkje gjort funn ifølgje rapporten. Ved Viddalsvatn vart det i 1966 registrert to tufter og ein udatert buplass. Ved Liverdalsvatn vart det registrert 6 tufter, ein heller, eit par steinringer og to kullførekommande område. Ved Otnesdalen vart det påvist to tufter og ein heller utan funn. Ved

Liverdalen vart det registrert eit kullførekommande område og fire tufter. Ved Kongshellervatn vart det totalt påvist sju dyregraver langs vatnet. To tufter vart påvist ved Veslebotnvatn. Ved Nordre Vestredalstjern vart det påvist tre steinalderlokalitetar og ein dyregrav.

Året etter ble det utført arkeologiske undersøkingar av kulturminna som ville bli råka av utbygginga. Om lag halvparten av kulturminna som ble registrert i 1966 vart utgrave. Kulturminna ble undersøkt av De arkeologiske museers registreringstjeneste, alle i område Vestredalen-Vierbotn, hovudsakeleg i Hol kommune. Det ble gjennomført utgravingar av lokalitetar ved Geiteryggheller og Søndre Vestredalstjern.

Arkeologiske undersøkingar i 1971 og 1972 var en fortsetting av registreringane på 1960-talet. I 1971 var det påviste fleire steinalderbuplassar og hellere tett opp mot den gamle vasskanten til Store Øljuvatnet i Hol kommune. Det vart og påvist funn frå steinalder aust for Kongshellervatn i Aurland kommune.

Potensial for nye funn av automatisk freda kulturminne

Vestland fylkeskommune ser det som naudsynt å gjennomføre ytterlegare arkeologisk registrering i samband med vilkårsrevisjon for Aurlandsvassdraga. Vi vurderer at det er eit potensial for å gjere nye funn av steinalderlokaliteter, fangstanlegg, stølstuffer og andre utmarkskulturminne som kan setjast i samband med utnytting av høgfjellsressursane i førhistorisk tid. Registreringa i 1966 omfatta berre eit utval av vatn som ville bli råka av reguleringa, og dekkja slik sett ikkje område fullstendig.

Dersom det skal gjerast nye terrengtiltak i samband med arbeid på dammar og andre anlegg ber vi om å få dette tilsendt på høyring. Ein vil da vurdere om tiltak/planar kan kome i konflikt med kjende automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi, samt vurdere om det i område kan vere potensial for hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne.

Skadeårsakar og verknader

Skadeomfanget på kulturminne i regulerte vatn er svært varierende. Det som gjer mest skade på kulturminna er erosjon. Kulturminna som ligg i reguleringssona vert utsett for erosjon som følgje av endringar i vassstanden. Bølger og isdanning på vinteren kan og føre til skade, og endre det opphavelige landskapet til kulturminna. Det er derimot lite dokumentert korleis skadeprosessar verkar på kulturminna, ikkje minst kor lang tid det tek før ulike kulturminne må reknast som tapt.

Det kan vere naudsynt å tilstandsregistrere lokalitetar som ligg i regulert sone og er utsett for erosjon. Basert på registreringa vil ein kunne vurdere om det er behov for avbøtande tiltak.

KULA – Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse

Aurlandsdalen frå Østerbø til Vassbygdi er nyleg registrert som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse. KULA-registeret er ein oversikt over alle kulturhistoriske landskap i Noreg med nasjonal interesse. Riksantikvaren vil med dette bidra til at nasjonalt viktige landskap blir tekne vare på i planlegginga.

KULA område for Sogn og Fjordane er nyleg ferdigstilt. Meir omtale av landskapsverdiane og sårbarheita kan lesast i KULA-rapporten. Dykk finn rapporten ved å fylja denne lenkja: <https://www.riksantikvaren.no/oversikt-over-kulturmiljo-og-landskap-av-nasjonal-interesse/>

Av omsyn til opplevinga og forståinga av kulturlandskapet er det viktig at dagens vassføring i elva ikkje vert redusert. Ei auke av vassstand og tilnærming til naturleg vassføring vil bidra til å styrke dei nasjonale kulturlandskapsverdiane i Aurlandsdalen.

Riksantikvaren sine rettleiar når det gjeld kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA) kan hentast her: <https://www.riksantikvaren.no/prosjekter/kulturhistoriske-landskap-av-nasjonal-interesse-kula/>

Kulturminnefagleg tilråding

På bakgrunn av den informasjonen ein i dag har for områda, kan ikkje fylkeskommunen vere trygg på at ein har eit tilfredsstillande kunnskapsbilette av det kulturhistoriske tilhøvet kring vatna. Dette gjeld i hovudsak kunnskap i høve førhistorisk jakt, fangst, stølsdrift, men og i samband med tema

som ferdsel og handel. Det kan vidare vere naudsynt å vurdere registrering i areal som ikkje vart dekkja av registrering i samband med opphøveleg konsesjon.

NVE må stille krav om at det vert gjort ei kartlegging av eksisterande kulturminneverdiar og oppfølgande kulturminneregistrering i revisjonsområdet.

I reviderte konsesjonsvilkår må det setjast krav om oppfylling av undersøkingsplikt jf. kulturminnelova §§9 og 10 i tiltaksområdet i Aurland kommune.

Uttale frå Bergens sjøfartsmuseum vert ettersendt.

Folkehelse og friluftsliv:

Pageining for idrett og friluftsliv har vurdert saka i høve regionale og nasjonale friluftsinteresser.

Aurlandsdalen er kartlagt og verdsett som eit svært viktig friluftslivsområde, jf. rettleiar M98-2013 frå Miljødirektoratet. Henta frå faktaark i naturbase: «Bruken er både lokal, nasjonal og internasjonal, og ferdselsteljar viser 9000 passeringar på 2,5 månadar i 2018. Det er spesielle naturførekomstar i dalen, og opplevingskvalitetane er ein eineståande kombinasjon av natur- og kulturlandskap.»

Aurlandsdalen og den historiske vandreruta gjennom dalen er ein av dei mest kjende turrutene i Vestland, og ei av dei mest populære i landet. Den vert marknadsført som «dalen over alle dalar», og vert ofte kalla Noregs «Grand Canyon». Den er svært viktig i reiselivssamanheng for regionen. Dei historiske vandrerutene er eit samarbeid mellom DNT og Riksantikvaren, som gjer gamle ferdselsvegar betre kjend og meir brukt. Kombinasjonen mellom flotte friluftsupplevingar og unik kulturarv er det som står i sentrum på desse rutene. Sjølve Aurlandsdalen strekk seg frå Vassbygdi i Aurland til Geiteryggen, ved vasskiljet mot Hallingdal, mens den viktigaste delen av den historiske vandreruta er rekna som strekket mellom Østerbø og Vassbygdi. Dette er òg det strekket som er minst synleg påverka av vasskraftutbygginga, men det er likevel fleire tilhøve som bør forbeholdt i samband med vilkårsrevisjonen.

Reguleringa har redusert vassføringa i Aurlandsvassdraget gjennom Aurlandsdalen betydeleg, samanlikna med naturleg tilstand. Sjølv om ein på turruta mellom Østerbø og Vassbygdi ikkje ser dei store fysiske inngrepa som ligg til andre tilgrensande dalføre (Låvisdalen med Låvidammen, Grøndalen opp mot Nyhellervatnet og Nyhellerdammen, Stemmerdalen m.fl.) er det stor skilnad i frilufts- og landskapsopplevinga ved stor og liten vassføring i elva. Det er spesielt viktig for friluftsupplevinga knytt til den historiske vandreruta gjennom Aurlandsdalen at minstevassføring frå Vetlebotnvatn (og ev. Grøna) aukast. Øvste del her har berre mellom 6 og 10 % av normal årsavrenning, mens nedste halvdel av vassdraget har mellom 26 og 50 % av normal årsavrenning (figur 4 i revisjonsdokumentet).

Tersklar m.m. har vore brukt for å gje vasspegel i vassdraga og i nokon grad betra tilhøva for fisk, men gjenskapar ikkje dei dramatiske fossane som tidlegare fylte gjela i Aurlandsdalen. Auka minstevassføring i sommarhalvåret vil styrke og reetablere eit viktig landskapselement, og vil attendeføre noko av den opphøvelege landskapsopplevinga for friluftslivet.

Aurlandselvi vart tidlegare rekna som ei av Noregs beste elver for sportsfiske etter sjøaure. I tillegg hadde vassdraget ein god bestand av laks. Etter reguleringa har oppfiska kvantum blitt redusert frå ca. 12000 kg/år, til ca. 739 kg/år, i følgje Aurland elveeigarlag. Dette er dramatiske tal, og ein har dei siste tiåra sett i gang ulike tiltak for å betre tilhøva for gyting og oppvekst. Sportsfiske i Aurlandselvi med potensiell ny status som ei av Noregs beste sjøaureelvar, vil kunne vere eit viktig bidrag til naturbasert reiseliv og turisme i åra som kjem, og bygge opp under verdifulle natur- og friluftsupplevingar. På bakgrunn av dette vil det vere behov for auka heilårleg minstevassføring, i tillegg vil tiltak som fører til auka fiskemengd styrke fiske og friluftslivet. Viss det her var snakk om ein ny konsesjonssøknad hadde fleire retningslinjer i fornybarplanen vore aktuelle for dette tema. Retningsline 32 seier at ein skal vise varsemd ved utforming av ny kraftutbygging, slik at tiltaka ikkje reduserer opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi. Gjennom konkret utforming skal ein søkje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet. Vidare seier retningslinje 18 at det ved inngrep i eksponerte fossar og elvestrekningar skal stillast krav til minstevassføring som opprettheld landskapskarakteren og opplevingsverdien. Retningslinje 20 seier at ein i sårbart høg fjell bør ein vise varsemd med løyve til ny kraftutbygging, særskilt i eksponerte område, mot viktige reiselivsområde og verdifulle friluftsområde.

Vassmiljø og fisk:

Det er statsforvaltaren som har ansvar for fisk i regulerte vassdrag. Vi vil likevel påpeike at det i tråd med forskning i vassdraget må etablerast ei økologisk tilpassa vassføring i Aurlandselvi ned til Vassbygdi som sikrar gode levekår til sjøaure. Det er vidare gjennomført habitattiltak i fleire sidevassdrag, og det er viktig å vurdere om det er nødvendig med ei økologisk tilpassa vassføring i desse elvane også for å sikre gode habitat for fisk og andre ferskvassorganismar.

I samband med vilkårsrevisjon må tiltak vurderast for å nå miljømåla for vassførekomstar påverka av vasskraftsregulering. Fleire av vassførekomstane i regulerte vassdrag i Vestland/Aurlandsutbygginga har miljømål godt økologisk potensial innan 2027. Dette inneber å gjennomføre alle tekniske og økologisk relevante tiltak med sikte på å oppnå godt økologisk potensial. Det bør òg vurderast om vassførekomstar kan oppnå god økologisk tilstand med avbøtande tiltak. Tiltak må vurderast individuelt for kvar vassførekomst. Alle vurderte tiltak må gå fram av eit dokument. Ein revidert konsesjon må innehalde vilkår slik at miljømåla etter vassforskrifta vert nådd. Det bør etablerast eit overvåkingsprogram som vurderer om tiltaka fungerer etter føremålet.

Miljømåla skal reviderast kvart 6. år jf. vassforskrifta § 5. Miljømåla i Aurlandsutbygginga skal bli nådd innan 2027 jf. vassforvaltningsplanen for Vestland 2022-2027. Vurdering om miljømåla er nådd for vassførekomstar i Aurlandsutbygginga, vil inngå i oppdatert vassforvaltningsplan for 2028-2033. Retningslinje 36 i fornybarplanen seier at miljømål i vassdrag, fastset i regional plan for vassforvaltning, må ligge til grunn i vasskraftprosjekt i Vestland.

Vidare hadde følgjande retningslinjer i fornybarplanen vore aktuelle viss det her var snakk om ein ny konsesjonssøknad:

27. I nasjonale laksevassdrag skal ein ikkje gje løyve til bygging av kraftverk på lakseførande strekning, dersom det fører til negativ innverknad på bestanden.

28. Ein må vise varsemd ved utbygging oppstraums lakseførande strekning, og utbygging krev særskilte tryggleikstiltak for å redusere risiko for skade på laksestammen.

29. I lakseførande elver bør ein ikkje gje løyve til bygging av kraftverk på lakseførande strekning, og ein må vise varsemd ved utbygging oppstraums lakseførande strekning.

30. For elvestrekningar med sjøaure eller storaure skal ein ikkje gje løyve til vesentlege vassstandsreduksjonar. Der det er store fiskeinteresser skal ikkje tilhøva for fiske reduserast. For kraftverksutbygging oppstraums aktuell elvestrekning for fisk skal det vurderast om automatisk forbisleppingsventil skal monterast. Løyve til utbygging i mindre viktige område for sjøaure og storaure føreset auka og differensiert minstevassføring, ekstra høg minstevassføring i gytevandringstida og sikre inntaksordningar for å unngå tap av fisk i turbin.

31. Gyteområde for innlandsfisk må ikkje reduserast i eit slikt omfang at det er til trugsel for bestanden eller gjev vesentleg negativ innverknad for fiske.

Villrein:

Vestland fylkeskommune har viktige interesser i arealforvaltninga av området, gjennom Regional plan for Nordfjella, som er eit interregionalt samarbeid mellom Vestland og Buskerud fylkeskommunar.

Retningslinje 21 i fornybarplanen seier at planlagde tiltak som kjem i konflikt med artar som er "kritisk truga" eller "sterkt truga" (jf. Norsk Raudliste), eller naturtypar og leveområde som Noreg har eit internasjonalt ansvar for, eller er i konflikt med oppfyljing av nasjonale og internasjonale avtalar, skal ikkje få konsesjon. Vidare seier retningslinje 26 at ein skal unngå tiltak som reduserer verdier på leveområdet for villrein. Det er ikkje planlagt nye tiltak her, men då utbygginga var gjennomført var nokre av tiltaka i konflikt med behova til villreinen. Dette må bøtast på no.

Oppdemminga av Nyhellerdammen har ført til at eit større område av Nordfjella Sone 1 har gått ut av bruk, trekkorridorar har vorte demt ned og utvekslinga av dyr mellom Sone 1 og Sone 2 i

Nordfjella villreinområde har vorte ytterlegare redusert. Sone 1 ligg Nord for Aurlandsdalen (FV50), medan Sone 2 ligg i sør.



Nyhellervatn hovuddam skal oppgraderast for å møte krav om auka damtryggleik. I samband med dette er det planlagt større anleggsarbeid på og ved dammen.

I kap. 1.6.4 i detaljplanen for oppgraderinga av Nyhellervatn hovuddam vert det konkludert med at «Det er derfor ikke aktuelt med tiltak knyttet til rein for arbeidene som skal utføres ved Nyhellervatn i dag». Videre blir det sagt at byggherre skal holde seg oppdatert, og sette i verk tiltak dersom det blir aktuelt.

Eit tema som byggherre / NVE må holde seg godt oppdatert på, er arbeidet med «reetablering av villrein i Sone 1». Det har blitt sagt at det tidlegast kunne skje fem år etter utskotning av dyra, og vi har passert fem år no. Det er enno ikkje vedteke kor tid reetablering skal iverksetjast, men ein har konkludert med at det skal skje gjennom naturleg trekk frå dyra i Sone 2. Dette betyr at det er *særskilleg viktig å ha gode og funksjonelle trekkmoglegheiter mellom sør og nord i Nordfjella*, og forstyrningar må i ein slik fase vere på eit absolutt minimum om reetableringa skal lukkast.

Vi ønskjer å sette særleg fokus på koplinga mellom i) dette planlagde oppgraderingsarbeidet for Nyhellervatn, ii) vilkårsrevisjon for Aurlandsvassdraget (inkl. Nyhellervatn) og iii) det pågåande arbeidet med Tiltaksplan for Nordfjella i samband med Kvalitetsnorm for Villrein. Det er i det komande *særskilleg viktig* at dei rette instansar og ressurspersonar vert kopla på, slik at ein i den komande tida kan sjå desse tre momenta i samanheng.

Det er ein stor styrke at Ragnhild Stokker og Bjørn Otto Dønnum frå Hafslund Eco har vore med i arbeidsgruppa for kraft og anleggsvegar i Tiltaksplanarbeidet for villreinen i Nordfjella. Dette bør bidra til å sikre at vidare oppfølging av revisjonsarbeidet er tett kopla på føreslegne tiltak for å betre livsvilkåra for reinen i Nordfjella, som er naudsynt om ein skal kunne oppnå ønska tilstand etter Kvalitetsnorm for villrein.

Forslag henta frå forslag til Tiltaksplan frå arbeidsgruppa frå Kraft og annleggsvegar:

- Ferdselsrestriksjonar på anleggsvegen. Veggen er per i dag open for almen ferdsel (juli-oktober). Fyste steg bør vere oppsetjing av ferdselsteller, for å få oversikt på trafikken på veggen. Seinare kan ein vurderer bom og forbod mot camping/bubilar ol. langs veggen.

- **Landbru over Nyhellervatnet.** Avstanden over sundet vest for Vampen (om lag 80 – 100 m) og djupna her tilseier at ei landbru bør kunne realiserast.

Eit viktig tiltak for villreinen i Nyheller-området er landbru over sundet til Vampen. Nokre bukkeflokkar finn alternative traséar, medan fostringsflokkane held seg i hovudsak nord for magasinet.

I Revisjonsdokumentet kap. 8.3.1 vert det understreka at villrein er eit viktig tema i revisjonssaka, noko fylkeskommunen er svært glade for å sjå. Eit av temaa som vert vurdert er nettopp landbru til Vampen.; «For Nyhellervatn ber Villreinnemnda/Villreinutvalget om at muligheten for å bygge terskel over sundet ved Vampen blir vurdert. Formålet er å gjenopprette en trekkroute som ble sperret av neddemmingen.». Videre i revisjonsdokumentet kjem det fram at «bygging av en slik landbro vil dessuten medføre nye, forholdsvis store inngrep i seg selv og et omfattende anleggsarbeid. Massen som må til for å fylle ut til en landbro over sundet, må også hentes fra et sted.»

Her kan vi ikkje understreke nok viktigheita av at dei ansvarlege partar ser oppgraderingsarbeidet ved Nyhellerdammen i samband med føreslegne tiltak i tiltaksplanarbeidet. Statsforvaltaren i Vestland har vore eigar av prosessen rundt utarbeiding av utkast til tiltaksplan for Nordfjella, og vi oppmodar om at dei vert påkopla vidare prosess rundt samkøying av oppgraderingsarbeid og vilkårsrevisjon, i lys av tiltaksplanarbeidet.

Fylkeskommunen stiller seg bak krav i brev frå Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd og Villreinutvalet for Nordfjella peikar på følgjande hovudmoment i fastsettinga av nye vilkår:

- «Verne trekka som gjev passasje forbi Viddalsvatnet. Særleg viktig er trekket over Viddalen nord for dammen, då dette er ei rute frå vinterbeite mot kalvingsland.
- Lette belastninga frå oppdemming av Nyhellermagasinet. Det bør greiast ut om
 - o Moglegheita for reetablering av trekkruoter ved å bygge tersklar. Sundet mellom Kongshellervatnet og Nyhellervatnet, ved Vampen har vorte peika på tidlegare. Sundet er smalt og grunt, og dyr trekk i dag ut på halvøya Vampen før dei stoggar mot sundet. Det er og grunne parti mellom Volanuttjønnan og Store Øljuvatnet, der det tidlegare gjekk viktige trekkruoter. Grunnene vart synlege under nedtapping i samband med arbeid i magasinet i 1996. Grunnene kom også fram, og vart avbilda i 2006, då på grunn av særleg låg vasstand i magasinet m.a. pga. lite nedbør. Ved begge høve nytta dyr seg av gamle trekk. Eit djupnekart vil kunne syne beste plassering av landbru frå aust til vest. Ein samanbitting av aust- og vestsida av magasinet vil m.a. kunne opne for trekk frå aust inn i den sona som har fått sterkt redusert bruk etter utbygginga, noko som kan få positive ringverknadar for heile dynamikken i dyra sin områdebruk.
 - o Moglegheita for å styrke trekkmoglegheita langs sørsida av Store Øljuvatnet og Kongshellervatnet ved justering av rutenett og ev. flytting av sjølvbetjent DNT hytte. Dette vil kunne lette trekket aust-vest både sør for magasinet og gjennom å lette dyra sin tilkomst til Vampen og vidare trekk herfrå dersom det vert etablert ein terskel her.»

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Revisjonen støttar opp under FN sine berekraftsmål viss nye vilkår faktisk bidreg til å betra miljøtilhøva i vassdraga. Gode moderne vilkår vil vera med på å setje retning for utviklinga av eit meir berekraftig Vestland.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune ser at reguleringa av Aurlandsvassdraga har stor samfunnsnytte med stor produksjon av rein kraft. Vidare kraftproduksjon og systemtenester frå Aurlandsutbygginga er ein viktig faktor for at vi skal nå målet om netto nullutslepp innan 2030 vedtatt i Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 og anlegga har stor betydning for handtering av flaumane i vassdraga. Men

sidan konsesjonen blei gitt på ei tid då natur, miljø, friluftsliv og kulturminne blei tillagt mindre vekt enn i dag må revisjonen gje konsesjonsvilkår meir i tråd med dagens miljøstandard.

Fylkesdirektøren meiner at det er riktig å òg diskutera O/U-prosjekt i revisjonsprosessen. Å vurdere O/U-prosjekt samstundes med å oppdatera konsesjonsvilkår gjer at kost/nytte kan vurderast meir heilskapleg. Dette aukar potensialet for at vassdragskonsesjonen vert meir miljømessig, teknisk og økonomisk gunstig.

Vi kan ikkje vere trygg på at vi har eit tilfredsstillande kunnskapsbilete av det kulturhistoriske tilhøvet kring vatna som er med i denne reguleringa. Dette gjeld i hovudsak kunnskap i høve førhistorisk jakt, fangst, stølsdrift, men og i samband med tema som ferdsel og handel. Det kan vere naudsynt å vurdere registrering i areal som ikkje vart dekkja av registrering i samband med opphøveleg konsesjon. NVE må difor stille krav om at det vert gjort ei kartlegging av eksisterande kulturminneverdiar og oppfølgande kulturminneregistrering i revisjonsområdet. I reviderte konsesjonsvilkår må det setjast krav om oppfylling av undersøkingsplikt jf. kulturminnelova §§9 og 10 i tiltaksområdet i Aurland kommune.

Auka minstevassføring frå Vetlebotnvatn (og ev. Grøna) er svært viktig for friluftssopplevinga knytt til den historiske vandreruta gjennom Aurlandsdalen. Spesielt i sommarhalvåret vil dette styrke og reetablere eit viktig landskapselement, og vil attendeføre noko av den opphøvelege landskapsopplevinga for friluftslivet.

Ein revidert konsesjon må innehalde vilkår slik at miljømåla etter vassforskrifta vert nådd. Det bør etablerast eit overvåkingsprogram som vurderer om tiltaka fungerer etter føremålet.

Eit av temaa knytt til villrein som vert vurdert i revisjonssaka er landbru til Vampen. Føremålet med dette tiltaket er å gjenopprette ei trekkrute som vart sperra av neddemminga. Bygging av landbru vil krevja anleggsarbeid. Det er allereie planlagt omfattande anleggsarbeid på Nyhellerdammen dei komande sesongane. Det er svært viktig at ansvarlege partar ser på oppgraderingsarbeid ved Nyhellerdammen og vilkårsrevisjonen i samband med føreslegne tiltak i «Tiltaksplan for Nordfjella i samband med Kvalitetsnorm for Villrein». Fylkeskommunen stiller seg elles bak krav i brev frå Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd og Villreinutvalet for Nordfjella.